



MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtedato: 04.02.2010
Møtetid: 16:30 - 18.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5 inkludert varamedlemmer.

Andre som var til stades på møtet:

Økonomisjef Nina Erdal og rådmann Tone Ramsli.
--

Avd. ing. John Inge Sandvik møtte under handsaming av sak 10/10

Dagleg leiar i kyrkja Olav Årvik møtte under handsaming av sakene 11 og 12/10

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 11.02.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
9/10	10/80	Faste saker	
010/10	09/651	Finansiering høgdebasseng Ytre Tysse	
011/10	10/79	Tilleggsøyving - kyrkja - investerings- og vedlikehaldsprosjekt	
012/10	09/221	Samnanger kyrkje - Nybygg, pauserom og toalett til tilsett - søknad om tilleggsøyving	

SAKNR. 9/10

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent

04.02.2010 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PØ-9/10 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent

SAKNR. 010/10

Finansiering høgdebasseng Ytre Tysse

04.02.2010 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg

Høgdebasseng og VA Ytre Tysse vert finansiert med eit eksternt låneopptak på inntil kr 4.830.000.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-010/10 Vedtak:

Høgdebasseng og VA Ytre Tysse vert finansiert med eit eksternt låneopptak på inntil kr 4.830.000.

SAKNR. 011/10

Tilleggsøyving - kyrkja - investerings- og vedlikehaldsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Samnanger sokneråd vert imøtekomen og det vert gitt ei tilleggsøyving til å dekkja meirkostnader med isolering av kyrkja samt ferdigstilling av maling. Kr 125.000 vert stilt til disposisjon frå næringsfondet. Evt. innsparingar på samla attståande tiltak - varmpumpe m.m. og vedlikehald - skal tilbakeførast på næringsfondet.

04.02.2010 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PØ-011/10 Vedtak:

Søknaden frå Samnanger sokneråd vert imøtekomen og det vert gitt ei tilleggsløyving til å dekkja meirkostnader med isolering av kyrkja samt ferdigstilling av maling. Kr 125.000 vert stilt til disposisjon frå næringsfondet. Evt. innsparingar på samla attståande tiltak - varmpumpe m.m. og vedlikehald - skal tilbakeførast på næringsfondet.

SAKNR. 012/10**Samnanger kyrkje - Nybygg, pauserom og toalett til tilsett - søknad om tilleggsløyving****04.02.2010 Personal og økonomiutvalet**

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil kr 400.000 til fullfinansiering av nytt kyrkjegardsbygg for tilsette ved kyrkjegarden i Samnanger. Pengane vert å ta frå:

- Kr 225.000 næringsfondet
- Kr 175.000 disposisjonsfondet

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-012/10 Vedtak:

Det vert løyvd inntil kr 400.000 til fullfinansiering av nytt kyrkjegardsbygg for tilsette ved kyrkjegarden i Samnanger. Pengane vert å ta frå:

- Kr 225.000 næringsfondet
- Kr 175.000 disposisjonsfondet

